

BØN FOR SJUKE MED SALVING

NYNORSK

RETTLEIING

INNHALD

I Bibelen.....	2
Teologisk forståing	2
I kyrkjarahistoria	3
I sjelesorga.....	3
Praktisering av ordninga	4
Forbønshandlinga.....	5
Før handlinga.....	5
Handlinga.....	5
Etter handlinga	7

Godkjent av Hovudstyret mai 2011.

I BIBELEN

Salving og forbøn for sjuke menneske vert praktisert etter lovnader og tilvisingar i Guds ord. (Sjå Jak 5,13–18 og Mark 6,7–13) Mark 6,13 er einaste staden i evangelieskriftene der salving av sjuke med olje er nemnt og gjev bakgrunn for orda i Jak 5.

TEOLOGISK FORSTÅING

EI DIAKONAL HANDLING

Bøn for sjuke med salving er etter vår lutherske lære ikkje eit sakrament, men ei diakonal handling som høyrer med til den omsorga forsamlinga/kyrkja har for dei sjuke, gamle og lidande i fellesskapet. Dei friske og dei som lid høyrer saman.

Gud har gjeve både bønellovnader og bønerecht til sine born og til det kristne fellesskapet. Dette tyder likevel ikkje at Guds born har sær-avtalar med Gud om at dei skal vere garantert god helse hele livet.

HANDSPÅLEGGING

Handspålegging signaliserer forventning, konkretisering, identifikasjon og overgjeving. Vi opnar hendene våre opp mot Gud i forventning om at han vil svare slik han ser det best (forventning). Vi ber spesielt for den sjuke som vi legg hendene våre på (konkretisering). Ved handspålegging viser vi at den sjuke er ein del av Kristi kropp og høyrer til eit fellesskap (identifikasjon). Den sjuke får hjelp til å overgje seg sjølv og sin sjukdom til Herrens omsorg og vilje (overgjeving).

OLJE

Salving med olje vart i Det gamle testamentet mellom anna brukt ved innsetjing av kongar (1. Sam 10,1; 16,1.13; Sal 89,21). Dermed vart dei vigsla til ei teneste. Tittelen Messias tyder «den Salva». Olja skal vi også få bruke ved bøn for sjuke. Salving i denne samanhengen har ingen medisinsk funksjon, men symboliserer Guds nærvær og omsorg som den sjuke får overgje seg til.

NÅDEGÅVA TIL Å LÆKJA

Vi må skilje mellom nådegåva til å lækje (1. Kor 12,9) og forsamlinga si teneste med bøn for sjuke med salving. Nådegåva er knytt til bestemte personar, medan bøn med salving er ei forsamlingsteneste som vert utført av «dei eldste».

«DEI ELDSTE»

«Dei eldste» vil i denne samanhengen seie åndelege leiarar med tillit blant dei kristne. Dei representerer fellesskapet når dei er samla rundt den sjuke.

I KYRKJEHISTORIA

OLDKYRKJA

Praksis med å be for sjuke tok ikkje slutt med apostlane. Ireneus (150-200 e.Kr.) seier:

«Einskilde har kunnskap om komande ting, dei ser visjonar og talar profetisk, andre lækjer framleis sjuke ved handspålegging og gjev dei helsa attende.»¹

MIDDELALDEREN

Særleg etter førre tusenårsskifte vart utføringa meir og meir overlata til prestar og vart sett på som eit sakrament som skulle gjelde berre dei som låg på det siste («den siste olje»).

REFORMATORANE

Martin Luther såg ikkje på salving av sjuke som eit sakrament innstifta av Kristus, men avviste likevel ikkje sjølve praksisen.

«Det er ikkje eit sakrament, men eit råd Jakob gjev, som ein kvar som vil kan fylgja; og som har sin bakgrunn i Mark 6,13... Det er nok for den som vert salva å høyra og tru Ordet.»

(Sitert frå «Om kyrkjas babylonske fangenskap»).

I NYARE TID

Den romersk-katolske kyrkja har gjennom vedtak på det andre Vatikankonsil på nytt gjeve sakramentet namnet «Sjukesalvinga». Det er ikkje lenger avgrensa til dei som ligg på det siste, men alle sjuke og gamle. Også Den norske kyrkja har ordning for bøn for sjuke med salving. Ordninga vert også praktisert i mange kristne fellesskap knytt til bedehus og andre forsamlingar.

I SJELESORGA

MENNESKET - EIN HEILSKAP

Vi lever i fallets og dødens verd der Guds rikes krefter kjempar mot døds- og lidingskrefter. I denne røyndomen har Gud omsorg for heile mennesket – ikkje berre det åndelege, men også for kroppen.

LÆKJANDE FELLESSKAP

Gud ynskjer at den truande forsamling skal vere eit førebyggjande, lindrande og lækjande fellesskap. Den sjuke treng ikkje å leve åleine med smerter og sjukdom. «Om éin lem lid, då lid alle lemene med», seier Paulus. (1. Kor 12,26)

¹ O. K. Hansen: “Bønn for syke – helbredelse ved bønn” i Misjon og teologi, årg. 4 1997.

GUDS OMSORG

Vi skal få leggje den sjuke i Guds hender med forventning og visse om at Gud vil gripe inn til beste for den sjuke. Jesu lovnad står fast: “Be, så skal de få...” Sjå Matt 7,7–11

Det er viktig at vi ikkje lagar motsetning mellom medisinsk hjelp og bøn om læking og styrke. Begge delar er uttrykk for Guds omsorg.

Trua i bøna er å kome til Jesus i og med vår naud. Det er viktig å understreke dette for den sjuke slik at handlinga ikkje vert til anfekting og ei tilleggsbør. Hovudsaka er at den sjuke vert lagd i Guds hand med sin sjukdom.

Læking er eit under der Gud er suveren. Vi legg difor vår naud fram for han og seier: «Lat viljen din råde». Om ei læking ikkje kan registrerast, er hans omsorg for den sjuke likevel utan grense.

Gud kan også bruke sjukdom og liding i si leiing av sine born. «Du oppsedar oss for ditt rike med kross og trengsle», ber vi i den gamle kyrkjebøna. (Sjå 2. Kor 12,7–10 og Hebr 12,5–13)

PRAKTISERING AV ORDNINGA

DEN SJUKES YNSKJE

Det er den sjuke sjølv som normalt tek initiativet til handlinga. Skal ordninga fungere, er det difor viktig at den er kjend i forsamlinga. Utfordringa er at det vert forkynt slik om Guds makt, stordom, nåde og lovnader at det vert naturleg for sjuke å kalle til seg dei åndelege leiarane i forsamlinga. Når dette skjer, skal desse med frimod etterkomme ynsket.

Dersom den sjuke er ute av stand til sjølv å kommunisere kva han/ho ynskjer, bør handlinga ikkje utførast utan at dei som representerer den sjuke, er trygge på at dette er i samsvar med kva den sjuke sjølv ville ha sett fram ynskje om.

EIGNE SAMLINGAR

Gjesteforkynnarar og leiarar kan få spørsmål om forbøn for sjuke i samband med møter dei har. Slik forbøn kan praktiserast der og då – også med handspålegging om ynskjeleg.

Salving derimot bør gå føre seg i egne samlingar som er godt førebudd. Sjelesorg og høve til syndsvedkjenning/skriftemål er normalt ein del av prosessen før salving.

SJUKT BARN

Er den sjuke eit barn, er det viktig at salving og forbøn skjer i forståing med dei føresette. Desse bør difor inviterast til å vere med på handlinga.

GJENTAKING

Som et hovudsynspunkt ut frå Jak 5 er bøn for sjuke med salving ei eingongshandling som legg den sjuke og sjukdomen i Guds lækjande hender. Dette hindrar ikkje at ein person kan verte beden for og salva fleire gonger – til dømes når ein annan sjukdom kjem til.

DIVERSE

- «Dei eldste» vil i denne samanhengen seie dei åndelege leiarane med tillit blant dei kristne.
- Normalt bør minst éin av forbedarane ha same kjønn som den sjuke.
- Som olje nyttar ein normalt olivenolje.

FORBØNSHANDLINGA

Ei rettleiing

FØR HANDLINGA

LEIAREN

Samlinga vert leia av ein av «dei eldste» i forsamlinga eller av ein forkynnar. Andre frå forsamlinga og den næraste familie kan vere til stades om den sjuke ynskjer dette. Leiaren ser etter at alt er godt tilrettelagt. Han bør vurdere om handlinga skal utførast på ein enklare måte enn omtala nedanfor.

Sjelesorg

Den sjuke får høve til samtale, sjelesorg og syndsvedkjening/skriftemål. Går sjelesorgsamtalen føre seg like før handlinga, bør den sjuke vere åleine med sjelesørgjaren. Teieplikt og respekt for den sjuke er viktig ikkje å bryte for alle som er med på handlinga.

Det er viktig å få tydeleg tak i kva den sjuke ynskjer forbøn for, og dette må ha fokus under sjølve forbøna.

ORIENTERING

Leiaren orienterer om handlinga. Dette skaper tryggleik for alle som er til stades.

HANDLINGA

1. INNLEIING OG BØN

Forslag til innleiing:

Vi er samla for å leggje (Namn) i Kristi hender. Vi ynskjer at han/ho skal få oppleve Guds hjelp og omsorg.

Leiaren legg så samlinga i Guds hand ved bøn.

2. EVENTUELT EIN SONG

3. SKRIFTLESING

Leiaren les nokre aktuelle skriftstader frå Bibelen og knyter eventuelt nokre tankar til dei. Deretter kan den sjuke sjølv få seie noko om ynskjeleg.

Nokre aktuelle skriftstader: Mark 6,53–56; Matt 8,5–13; Joh 11,1–6; Sal 23

4. SALVING MED OLJE

Den sjuke kan anten liggje, sitje eller knele under salvinga og forbøna – alt etter helsetilstand og ynskje. Når det gjeld tidsbruk må det takast omsyn til tilstanden den sjuke er i.

Leiaren les frå Jakobs brev 5,13–16a:

«Lid nokon av dykk vondt? Lat han be! Er nokon glad til sinns? Lat han lovsyngja! Er nokon av dykk sjuk? Lat han kalla til seg dei eldste i kyrkjelyden, og dei skal be for han og salva han med olje i Herrens namn. Og trusbøna skal hjelpa den sjuke, og Herren skal reisa han opp, og har han gjort synder, skal han få dei tilgjevne. Sanna difor syndene dykkar for kvarandre og bed for kvarandre, så de kan verta lækte.»

Leiaren tek olje på fingeren, teiknar ein kross på panna til den sjuke med olja medan han seier:

«I tillit til Guds Ord og føresegn salvar eg deg i namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.»

5. FORBØN

Dei som tek del i forbønshandlinga, legg hendene sine på hovudet og/eller skuldra til den sjuke. Korte og konkrete bøner vert bedne for den sjuke. Om den sjuke ynskjer det, kan han/ho også sjølv be. Ein skal korkje forhaste seg, be lange og omstendelege bøner eller vere redd for at det vert stilt.

Forbøna vert avslutta med at alle bed «Herrens bøn». ²

Fader vår, du som er i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

² Den forma av “Fadervår” som er naturleg, kan nyttast

*Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æva.
Amen.*

6. VELSIGNINGA

Leiaren lyser velsigninga

anten (Den aronittiske)

*Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.
Amen.*

eller (Den apostoliske)

*Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn vere med dykk alle.
Amen*

7. AVSLUTNING

Handlinga kan avsluttast med ein song/salme. Deretter kan leiaren kort summere opp det som no er gjort, og leggje vekt på at alt no er lagt i Guds hender.

ETTER HANDLINGA

Leiar og forbedarar trekkjer seg attende etter handlinga slik at den sjuke kan få vere i ro åleine eller saman med nokon han/ho er fortrulege med.

Det er viktig at vedkomande vert fylgd opp med omsorg og støtte i samsvar med ynskje og behov. (Eksempel: forbøn, samtale, besøk, nattverd etc.)